



Vang kommune

Vang sau- og geit
Liagardsvegen 552
2975 VANG I VALDRES

Dykkar ref.:

Vår ref.:

SONWEN-2022004569 -2

Arkiv:

K1-223

Vår dato:

24.06.2026

Saksnr.	Utval
122/26	Hovudutval for utvikling

Vedtak -Støtte til Saueseminar i Valdres

Syner til søknad datert 08.06.26 om støtte til saueseminar i Valdres frå Vang sau og geit. Seminaret er eit samarbeid med dei andre sau- og geitelaga i Valdres. Det har vore arrangert fleire slike seminar dei siste åra. Der det og er fokus på kompetanseheving og ungdom. Det er søkt om kr 3000 til dei andre 5 Valdreskommunane og.

Vurdering:

Vang kommune ser positivt på arrangementet, der det er viktig å sette fokus på det faglege samt det sosiale. Det sosiale er svært viktig for å kunne treffe likesinnande og prate fag. Mange blir åleine om drifta og det vil vera behov for eit sosialt nettverk. Vang kommune fekk tildelt kr 25 000 får Bondens Nettverk v/Innlandet fylkeskommune. Desse midlane skal brukast til sosiale treff, knytte nettverk og liknande blant bønder i Vang.

Kommunen vurderer dette som viktig tiltak både lokalt og regionalt, og støtter opp om dette.

Vedtak:

Vang kommune gjev med dette tilsagn på kr 3000 til Vang sau og geit v/Linda Jevne. Tilskottet gjeld Saueseminar i Valdres, og vil bli dekt av tilskottet for Bondens Nettverk. Tilskottet vert utbetalt når det føreligg sluttregnskap av arrangementet. Vilkår for utbetaling er at dei andre Valdreskommunane bidreg med same beløp.

Dette med heimel i kommunelova §23 nr 4 jf kommunedirektøren sitt delegasjonsvedtak og i medhald av kommunestyrevedtak, sak K-051/21.

Om høve til å klage. Klagefristen er 3 veker frå det tidspunktet ein mottok vedtaket, jamfør §§28 og 29 i forvaltningslova.

Med helsing

Wenche Søndrol
landbruksrådgjevar
Dir. tlf.: 468 29 071
E-post: wenche.sondrol@vang.kommune.no

Etter rutinane våre er dette dokumentet godkjent og sendt utan underskrift.

Kopi til
Åsmund Løvgreen